



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Mari Katrine Berg, 5557 2326

Vår dato  
14.07.2016  
Dykkar dato

Vår referanse  
2016/9592 471  
Dykkar referanse

Meland kommune  
Postboks 79  
5906 FREKHAUG

### Ber kommunen stille opplysningar til disposisjon om Moldekleiv søppelfylling

Fylkesmannen viser til telefon frå Anne Karin Moldekleiv fredag 8. og måndag 11. juli 2016.

#### Bakgrunn

Fylkesmannen har fått opplyst at Moldekleiv eig ein gard der det tidlegare har vore kommunalt deponi i regi av Meland kommune. Meland kommune leigde område av datidas eigar, far til Moldekleiv. Vi har fått opplyst at deponiet vart avslutta i 1985. Området har ikkje vore brukt til gardsdrift etter at deponiet vart avslutta. I samband med føreståande sal av eigedomen har Moldekleiv vendt seg til kommunen for å finna informasjon om tidlegare aktivitet på eigedomen. Kommunen bad Moldekleiv kontakte Fylkesmannen for meir informasjon.

#### Grunnforureiningsdatabasen

I Miljødirektoratet sin database Grunnforureining (grunn.miljodirektoratet.no) finn vi ein oppføring med namn Moldekleiv søppelfylling, truleg deponiet som Moldekleiv viser til. I databasen er lokaliteten opplyst å vere på gards- og bruksnummer 27/92 og 27/18. Lokaliteten er merka med mistanke om forureining av metall og andre stoffgruppe, og påverknadsgraden på lokaliteten er satt til 2 - "Akseptabel forureining med dagens areal- og resipientbruk".

#### Den ansvarlege

Den ansvarlege etter forureiningslova er den som *har, gjer, eller set i verk noko som kan medføre fare for forureining*, jf. § 7 første ledd. Den ansvarlege kan dermed vere både den som forureininga kjem frå og den som eig problemet. Etter hovudregel i lova og etter Miljødirektoratets praksis vert pålegg vanlegvis retta mot den forureininga kjem frå.

Dersom det vert endring i areal- og resipientbruk på lokaliteten kan det bli naudsynt med undersøkingar eller opprydding i forureina grunn. I ein byggje- eller gravesak er det tiltakshavar sitt ansvar å ivareta omsynet til forureina grunn, jf. forureiningsforskrifta kap. 2.

#### Ber stille opplysningar til disposisjon

Fylkesmannen ber kommunen stille dei opplysingar dei har om området og tidlegare aktivitet til disposisjon for Anne Karin Moldekleiv. Det gjeld informasjon om ansvarsforhold, forureiningssituasjonen, historisk forureining med meir. Vi gjer kommunen merksam på at dei kan bli stilt ansvarleg dersom det vert naudsynt med undersøkingar eller opprydding i forureina grunn.

Med helsing

Hallvard Hageberg  
senioringeniør

Mari Katrine Berg  
overingeniør

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Kopi til:  
Anne Karin Moldekleiv Moldekleiv 52 5918 FREKHAUG